REGULERINGSFØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN MELAND KYRKJE OG GRAVLUNDAR MED OMEGN I MELAND KOMMUNE.
GODKJENDT I MELAND KOMMUNESTYRE, 5/2-92 sak 7/92 G. Bjørdal
Bygningssjefen i Meland

---

GENERELT

§1

Det regulerte området som er synt på planen er nytta til:

A. Bustad.

B. Hytte.

C. Jordbruk.

D. Offentlege bygg.

E. Spesialområde (frisikt, privat veg, gravlund).

F. Trafikkareal.

G. Friområder.

A. BUSTAD.

§ 2

Innregulert bustadtomt er utbygd frå før.
Utnyttingsgrad vert sett til 0,25.

B. HYTTE.

§ 3

Innregulert hytteeigedom er utbygd frå før. Det skal ikkje byggjast fleire hytter på arealet. Påståande hytte kan ha vanleg vedlikehald. Utvida bruk eller utvida byggjeareal vert ikkje tillete.

C. JORDBRUK.

§ 4

Innanfor regulert jordbruksareal kan det byggjast turvande bygg i samband med gardsdrift.

D. OFFENTLEGE BYGG.

§ 5

Dei offentlege bygga som er synt i planen er alt utbygd.
Det er kyrkje m/uthus og bibliotek.

E. SPESIALOMRÅDER.

§ 6

Gravlundar skal ha parkmessig handsaming i samsvar med kyrkjegardsvedtekter.

F. TRAFIKKAREAL.

§ 7

Køyretrafikk, gå/sykkeltrafikk og parkeringsareal skal byggjast og nyttast som synt i planen.
Skråningar og skjæringar skal ha best mogeleg parkmessig handsaming, slik at ein ikkje får skjemmande inngrep i naturen.
Oppsetting av gjerde mot vegen skal godkjennast særskilt av bygningsrådet.
Omlegging av fylkesveg må skje før parkeringsplasser inntil gnr. 16 bnr. 4 vert bygd.

G. FRIOMRÅDER.

§ 8

Friområda skal ha parkmessig handsaming og drivast som ein del av kyrkjegardsanlegget.
Områda kan nyttast til friluftsmøter m.m. og kan ha tekniske anlegg som er naudsynt for slik bruk (benker, trapper, planerte plassar m.m.).

FELLESFØRESEGNER

§ 9

Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggjeføreskrifter.

§ 10

Etter desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å oppretta tilhøve som strir mot føresegnene ved privat servitutt.

§ 11

Innanfor ramma av bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggeføreskrifter, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegnene i dei tilhøve der særlege grunnar talar for det.

---

5110 Frekhaug, 16.12.88, revidert 26.09.91.